




Kvam herad



*Framtida er her  
Søk jobb i Kvam!*





## Kjære leser

Er du glad i byen, men kjenner ei dragning mot det meir landlege? Kling «Bergen» og «Hardanger» om lag like godt i øyret? Er du oppteken av vakre omgjevnader og gode oppvekstvilkår?

Då bør du seriøst vurdera Kvam som din neste heim.

Me har Strandebarm, Tørvikbygd, Norheimsund, Øystese, Ålvik, visuelt vakre sentrum og fleire festivalar. Men også verdsleiane industri og verft, med spennande arbeidsmoglegheiter.

Den einaste staden i verda der du kan bu i Hardanger og ha Bergen ein times reise unna? Kombinasjonen heimekontor og arbeidsstad Bergen? Svaret er Kvam.

Me vart kåra til årets ungdomskommune i Noreg i 2023, fordi me satsar på born, unge og frivilligheit.

Kommunesenteret Norheimsund har fått prisen for «mest attraktive stad», fordi me satsar på visuelle kvalitetar der folk bur.

Dugnadsviljen er stor, her tek me så gjerne i eit tak for å arrangera festivalar, for å oppgradera samfunnshus og for å driva korps og fotballag.

Dette er noko av grunnane til at mange flyttar til Kvam.

Velkomen skal du også vera!

**Les meir om Kvam og våre tenester på [www.kvam.no](http://www.kvam.no)**

Torgeir Næss, ordførar i Kvam Herad





## Produkt for framtida

Sonen til Anette Tyssebotten har sidan han var baby vore plaga med atopisk eksem. Ho prøvde fleire ulike kremar og salver på resept utan at det betra plagene.

*«Me fekk tips om Optima sine produkt og valde å prøva dei. Etter 4 dagars bruk var huda mykje betre. Me brukar Optima kvar dag både som dusjsåpe, handsåpe og hundesåpe.»*

*«Som trufast kunde hjå Optima får me alltid god service, tips og råd til gode produkt og ein hyggeleg handel. Som sagt bruker me produktet kvar dag og dei hjelper godt på sart hud».»*

Anette og familien bur for tida i Vikøy, men held på å restaurere eit gammalt gardsbruk på Aksnes. Ho jobbar på Hardanger Trening som gruppeinstruktør, personleg trenar og assisterande senterleiar. Å dele gleda over trening og aktivitet er noko ho brenn for.

*«Livet i Kvam byr på mange ulike aktivitetar og opplevelingar. Me bur i nærliken av fjord, fjell, skianlegg, badeland, idrettsplassar og skule/barnehage. På fritida går eg og familién mykje på tur i nærområdet. Barna mine likar å gå på ski, spela fotball og bade, og det er kort veg til både fotballbanen i Norheimsund, skianlegget på Sjusete og badestranda. På idrettskulen får ungane prøva ut aktivitetar som padling, bowling, rulleski, klatring og fjellturar. For oss er Kvam ein flott og trygg plass å bu».»*

Optima produkter er eit lite, familieeigd firma som produserer «produkter på lag med naturen». Veterinæren Magne Skjervheim utvikla produkta som i dag utgjer hudvask og hudpleie til folk og dyr, samt produkt for vask og "desinfeksjon" av heim, rom og utstyr.





## Fjellstrand ligg i Hardangerfjorden, der me har kontinuerleg utvikla produkta våre, tenester og organisasjon sidan 1928

Fjellstrand har hatt fokus på låg- og nullutslippsbil- og passasjerferjer i 2014, og leverte den første heilelektriske bil- og passasjerferja i verda basert på Fjellstrand Zero-Cat 120-design. I 2018 vart dette designet modifisert for hybrid framdrift òg.

I Q3 2022 leverte Fjellstrand verdas første heilelektriske og utsleppsfrie hurtigferje klassifisert i samsvar med International Code of Safety for High-speed Crafts (HSC-koden).

Fjellstrand har i løpet av åra bygd omfattande kompetanse innan aluminium, og som det første verftet som tok i bruk friksjonssveising (1997), har Fjellstrand overført denne kompetansen til å byggja aluminiummodular for fartøy og offshoreinstallasjoner, og dessutan offshore aluminiumkonstruksjonar (heissjakter, veggplater, platfører etc.) i samsvar med Norsk standard.

Fjellstrand er i dag eit verft i marknaden for nybygg og fartøykonvertering, og dessutan aluminium- og stålkonstruksjonsmarknaden.

### Innovasjon

Fjellstrands innovasjonsfokus starta for fleire tiår sidan, nokre av dei mest utløpende innovasjonane som vart oppnådde var Foiling Ultra-High-speed Aluminium Catamaran Fast Ferries (FoilCat), det aktive Motion Damping System (MDS) for Fast Aluminium Catamaran Ferries og elektrifiseringa av Zero Emisjonsbil- og passasjerferjer og hurtigferjer

### Teknologi

Alltid på jakt etter nye innovasjonar, har Fjellstrand utforska ny teknologi for sterke og solide lette konstruksjonar som også sparer tid i produksjonen, noko som resulterer i Fjellstrand-designa ekstruderte aluminium-profiler og friksjonssveisa aluminiumpanel, ikkje berre for bruk i fartøy, men også for bruk i offshorekonstruksjonar

Fjellstrand har utforska teknologien til nesten alle typar framdriftssystem, i ei rekke fartøy og konfigurasjonar,

alltid på jakt etter den rette kombinasjonen av fart og energiforbruk

### Tilsette

Fjellstrand er ikkje berre eit vanleg verft, det er ein organisasjon av dyktige menneske som alltid søker etter nye utfordringar, anten når det gjeld å bringa innovasjonar frå ein idé til det verkelege livet, eller å ta ny teknologi i bruk for første gong – eller å fullføra eit utfordrande prosjekt på kortare tid enn nødvendig

I Fjellstrand er me alle stolte av kollegaene våre, og klara til å gjera vårt ytste for kundane våre


### Miljø

Fjellstrand har i fleire tiår brukt det mest miljøvennlege konstruksjonsmaterialet, aluminium, til bygging av fartøy og konstruksjonar, vel vitande om at aluminiummaterialet er fullt resirkulerbart

I jakta på nullutsleppsfartøyet i framtida har Fjellstrand vore den verkelege pioneren, og tok utfordringa med å vera verdas første både med «Ampere» og «Medstraum» – og utfordrar den tradisjonelle måten å tenkja på.

Hos Fjellstrand tek me med oss Innovations & Technology inn i vårt neste prosjekt, alltid på jakt etter dei mest miljøvennlege løysingane





post@furedalen.no  
56 55 89 49  
Furedalen, Kvamskogen



[www.nhselektr.no](http://www.nhselektr.no)





## Berekraftig fiskeoppdrett i ei unik bedrift

Katrine Bergthun kjem frå Strandebarm, med gjekk på vidaregåande i Kvam og har fått ei sterk tilknyting til staden. Interessa for dyr førte til jobb som avløysar på gard og sommarjobb ved oppdrettsanlegg. Ho tok utdanning i Akvakultur ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, og jobbar i dag som assisterende produksjonssjef i Hardingsmolt med ansvar for biologisk oppfølging, dagleg drift, internkontroll og kvalitet.

Katrine fortel om ei rivande utvikling i bransjen og i selskapet. I dag har Hardingsmolt 34 tilsette.

*«Det er motiverande å få inn nye kollegaer som utfyller organisasjonen med kompetanse og kunnskap. Produksjonen vår er eit samspel mellom folk, teknikk og vasskjemi der vi prøver å skape eit trygt økosystem for fisken».*





## Nærleik til naturen og eit sterkt lokalsamfunn

Katrine bur i eit samansveisa lokalsamfunn der skulen er hjartet i samfunnet. Her deltar barna på fritidsaktivitetar, og foreldre og barn blir kjent på tvers av bygdene.

**«Ein av de største fordelane med å bu i Strandebarm er nærleiken til naturen. Her er skule, fritidsaktivitetar og lokalsamfunn sterkt samanknytt. Fellesskapen gir både barn og vaksne ein trygg base. Eg har barn i skulealder og sjølv om eg jobbar mykje, kan eg tilpasse slik at eg kan ta heimekontor på dagar der ikkje alt går etter planen».**

## Framtidsretta drift og nyskapande prosjekt

Hardingsmolt var tidleg ute (2006) med resirkuleringsanlegg (RAS). I 2016 fekk dei en utviklingskonsesjon på Fitjar for å jobbe fram eit nytt konsept for sjøanlegg. Det er i praksis gjennomstrøyming av sjøvatn frå djupvatn, der fisken er beskytta mot til dømes lakselus ved ei merd lagd av heilt tett presenning. Dette har vore i drift sidan 2019, og det blir jobba tett mot både leverandørar, forvaltningsmiljøa og kompetansemiljøa for å vidareutvikle dette.

Katrine fortel vidare om nanofiltreringa som er på plass i Tørvikbygd.

**«Dette var eit prosjekt støtta av Innovasjon Norge og gjorde at vi som første anlegg kunne reinse sulfat ut frå sjøvatn og lage eit trygt brakkvatn for fisken vår på land. Slik får fisken utvikle seg meir naturleg, og kan leve som sjøtilpassa fisk i trygge omgjevnader. Dermed får han ein kontrollert og forsvarleg oppvekst».**

## Stor aktivitet og utviding av areal

Hardingsmolt jobbar aktivt for å forbetra verdikjeda til laks som matproduksjon. For tida er det stor byggeaktivitet i Tørvikbygd på grunn utvidinga. Med større areal for produksjon kan fisken vekse seg større før han går videre, og produksjonstida i sjø blir kortare.

Katrine håpar at folk kan bli like stolte over den lokale havbruksproduksjonen som av dei lokale jordbruksprodukta.

**«Eg meiner Hardingsmolt er på god veg, og vi skal gjøre vårt beste for å bevise at norsk matproduksjon er viktig, trygt og framtidsretta».**



## Kortreist mat i verdensklasse

Caroline Mo Vik er frå Nordheimsund og bur saman med mann, 3 barn, ein hund og ein katt. Ho har jobba som konditor i 20 år, både i bakeri, på hotell og på restaurant.

Etter nokre år i Bergen flytta ho heim att då det nærma seg skulestart for barna.

*«For ein konditor er det mange moglegheiter, me bur jo midt i fruktfatet og det er alltid høve til å servere noko sött».*

## Internasjonal sjokoladekonkurranse og lokale råvarer

Caroline jobbar nokre dagar som konditor på Hardangerfjord Hotel, og nokre dagar på Hardanger Bakeri. Resten av veka går til øving til kvalifisering til den internasjonale konkurransen World Chocolate Master. Der skal det lagast kaker, sjokoladeutstilling og konfekt. Den som går videre skal representere Norden i finalen i Paris.

**«Som konditor er ingen dagar like. Eg følger med på trendar på SOME og prøver alltid å utvikle kunnskapane mine i faget. Inspirasjonen finn eg på internett, hjå kollegaer, dyktige konditorar verda rundt og i alle dei gode råvarene i Hardanger. Eg elskar å prøve ut nye teknikkar, smakar og trendar. Saman med engasjerte fagfolk på Hardangerfjord Hotel skal eg laga mange spennande planer framover».**

Caroline stortrivst i yrket, og no i haust blir det spennende med kvalifiseringa til World Chocolate Master. Det blir mange lange dagar på Hardanger Bakeri, det ho øver til konkurransen. Kven veit kva som blir hennar neste prosjekt etter det?





# Christer Økland

*- Matansvarleg med lidenskap for kortreist kvalitet*

Christer Økland, direktør for mat og drikke i Fjortind Hotels, likar å beskrive seg sjølv som både sjef for alt som kan gå gale og hovudskrytaren når noko går betre enn planlagt. Med eit smil og ein porsjon god humor, leier han matopplevingane med eit mål om å løfte fram kortreist mat i verdsklassen.

## Eit pulserande arbeidsmiljø

Arbeidskvardagen til Christer er alt anna enn stilleståande. Fjortind Hotels syder av aktivitet og engasjement, der dei tilsette saman skapar ei energisk og framoverlent kultur. «Her må ein verkeleg ta i eit tak,» seier Christer, «men ein får også stor fridom til å forme arbeidsmiljøet. Kake på ein måndag, fest på ein tysdag, og full innsats gjennom helga – det er slik vi trivs.»

## Frå kokk til leiар

Bakgrunnen til Christer er solid forankra i kokkeyrket, der han har utvikla ei djuptgående forståing for kvalitet og handverk. Gjennom åra har han vidareutdanna seg innan leiing, økonomi, og som sommelier, og han er no halvvegs i Pommelier-løpet på Hjeltnes. «Eg har vore heldig å jobbe med og for inspirerande menneske som har forma mi eiga reise,» seier han, med tydeleg respekt for sine tidlegare førebilete.

## Livet i Kvam

Christer bur i Øystese, berre 2,5 kilometer fra ein av dei tre hotella til Fjortind. «Perfekt for ein morgenjoggetur,» legg han til. Kvam tilbyr ein livsstil som kombinerer det hektiske arbeidslivet med naturlege pusterom. «Når fritida er knapp, er det gull verdt å kunne koble av med familien på fisketur, på familiehytta i Fitjadalen, eller på ei roleg byreise til foreldra.»

## For mange fritidssystrar, for lite tid

Christer ler når han fortel om alle fritidsaktivitetane som ventar på betre tider: ei kajakk på veggen, golfsett i kjellaren, klatreutstyr i boden, og eit piano han kjøpte under pandemien. «Men det enkleste er ofte det beste. Når kona har lagt seg, snører eg skoa og tek meg ein løpetur.»

## Ei spanande omstilling

Fjortind Hotels har vore gjennom ei stor endring, frå å vere ein high volume, low cost-aktør til å satse på kvalitet og kortreiste smakar. «Å gå frå 600 lunsjgjester til 40 er ikkje berre ein dans på epleblomster,» fortel Christer, «men det er den draumen me ber på.» Han veit at slike endringar krev mykje av både tilsette og gjester, men det er ei reise han er stolt av å vere med på.



Velkommen til Thon Hotel Sandven  
- midt i hjertet av Hardanger!

Tlf. 56 55 20 88 · sandven@thonhotels.no · www.thonhotels.no/sandven



[www.optima-ph.no](http://www.optima-ph.no)

Kortreist hudpleie til folk og dyr.  
Førebygger hudplager og bevarer den gode bakteriefloraen.

Reinholdsprodukt.  
Miljøvennlig vask med eddik.

Låg pH -bra for deg og miljøet.  
Produsert i Kvam.



## Kvam Kraftverk AS

Kjøp straum frå din lokale kraftleverandør - som gir tilbake til lokalsamfunnet.



Sentralbord: 56 55 33 10  
firmapost@kvam-kraftverk.no  
[www.kvam-kraftverk.no](http://www.kvam-kraftverk.no)



TA DEG EIT  
**HARDANGERBAD!**



- Vassdrag med fjordutsikt
- Familiebasseng
- Stupetårn
- Treningsbasseng
- Terapi- og opplæringsbasseng
- Treningsrom
- Sauna



## Møt ystaren vår!

**Martin Rusnåk** møtte dagleg leiar Marit på marknad i Bergen for eit halvt år sidan. Ho selde steikeost, han smakte påosten og dei kom i snakk. Martin fortalte at han arbeidde på gard og laga rømme og smør, og at han drøynde om å bu ved sjøen. Marit fortalte om Øystese ved Hardangerfjorden. Han sa det ville ha vore perfekt, og dei to heldt kontakten.



Mandag - fredag  
kl 07:00 - 15:30  
TLF: 56 55 37 30  
[post@kvamauto.no](mailto:post@kvamauto.no)

Etter at Martin møtte Marit i Bergen, sende ho han informasjon om staden. Martin fann Øystese i Google Maps, viste det seg at han hadde vore der før.

**«Eg hadde utforska Noreg med bil tidlegare. Eg kjende igjen stranda og den kvite sanden, og eg hugsa at eg hadde stogga her. Eg hugsar eg tenkte med meg sjølv: Dette kan vera veldig interessant».**

Dei siste åra har Martin vore sesongarbeidar i Noreg. Vinterstid reiser han helst til stader der det er sommar. Det var medan han var i Brasil og tenkte på kva han skulle gjere framover at han fekk e-post frå bygdesteriet med spørsmål om han var interessert i jobb.

**«Eg tenkte: Ja, kvifor ikkje? fortel Martin, som valde ysteriet i Hardanger over ein fiskefabrikk på Hitra».**

Han er glad for det.

**«Øystese er ein nydeleg stad. Eg har lyst til å bli her for alltid, seier Martin etter ti dagar i Hardanger».**

Sjølv voks 32-åringen opp i Mohelnice i Tsjekkia.

**«Heimbyen min er ein liten stad med mykje natur og mange slott. Det er mange landsbyar i nærlieken, og mange mogelegheiter til å gå tur og sykle. Det er ein nydeleg stad, men eg har alltid hatt lyst til å bu nær sjøen. Eg trur eg budde nær sjøen i mitt førre liv», seier Martin.**

Martin gler seg til å siå rot i Hardanger.

**«Viss nokon vil bli kjende, berre kom på besøk! Eg likar å gå på tur og snakka saman. Naturen og skogen er viktig for meg», seier han.**

Han har allereie lært litt om ysting, og ser fram til å bli profesjonell ystar. Han arbeider for bygdesteriet to til tre dagar i veka, og kombinerer det med anna arbeid.

**«Det er eit moderne ysteri med eit godt og effektivt system. Eg samarbeider godt med ystaren og lærer mykje av han. Eg bur i ei leilegheit der eg kan nyte den nydelege utsikta over fjorden. Det er berre ein kort sykkeltur ned til jobben. Eg ser at folk herifrå nyter livet; går på kafé, på stranda, dei tek seg fri».**

Martin fortel at han har lite fritid, det blir mykje jobb, både på hotellet og på ysteriet. Han er glad i å sykle og svømme og brukar både fjorden og Hardangerbadet.

**«Eg er veldig fornøgd med å bu i Øystese, folk er venlege og nysgjerrige, og særleg no på sommaren er det lett å komme i kontakt med folk.**

**Det å bo i Øystese gir meg positiv energi!»**



**BREKKØ OG LIE  
VVS AS**

Daglig leiar  
[johnasle@brekkeoglie.no](mailto:johnasle@brekkeoglie.no)  
95784848

Kontormedarbeider  
[idar@brekkeoglie.no](mailto:idar@brekkeoglie.no)  
98636604



Foto: Julia Marie Naglestad



Foto: Det Vestnorske Teateret

## Rikt fritids- og kulturliv

Mitt navn er Arnhild Litleré og eg har arbeida som freelance skodespelar sidan 1985, hovudsakleg i Oslo.

**Utdanning:** Statens Teaterhøgskule 3 årig , Oslo Film og Tv akademi 1 år

Etter å ha budd 40 år i Oslo har eg flytta heim igjen til Hardanger Strandebarm i 2022.

Det var eit stort steg å ta mht arbeid og det sosiale livet som eg hadde i Oslo. Samstundes har eg alltid vore knytt til heimstaden min Strandebarm.

Eg har også alltid vore svært glad i den vestlandske naturen, men ikkje berre natur, ein treng også ei kulturell tilhøyrigheit. Det fann eg også i Hardanger ikkje minst takka væra Hardingpuls. Det tverrfaglige nettverket som har eksistert i Hardanger i over 30 år. Ein viktig organisasjon som fører mennesker saman slik at vi kan ha eit fagleg miljø, danna

vennskap og at nye arbeidsformer kan dukka opp.

Det er så viktig at distrikta kan vera med å forma kulturen i landet, og ikkje alltid la byane vera dei førande og gje dei gjeldande retningslinjene.

Jon Fosse mottok Nobels Litteratur pris i 2023, og det er vi sjølvsagt svært stolte av! Ikkje minst avdi han kjem frå vårt distrikt, brukar vårt språk. Dei fleste av tekstane hans er forankra i ei lita bygd ved fjorden, der det regnar, der det bles og bølgjene slår mot fjøra... Dette er biletet vi kan kjenna oss igjen i. Nokon peikar på vårt liv, vår kvardag, viser oss det vi ikkje alltid får auge på sjølve. Det er ei glede å arbeida med Jon Fosse sine tekstar anten det er knytt opp til eit teaterstykke med eit heilt ensamble eller det å aleine framføra poesi tekstane hans. Vi fekk orda frå han for å fanga opp alt det ordlause.

ØMV Bilsenter

www.ømv.no

Ditt Bilsenter i Kvam

Ford Suzuki BYD Esso MECA

# Bygdalarm – sommarens høgdepunkt

## Bygdalarm

Bygdalarm er både gammaldags og nyskapande på same tid. Festivalområdet er hesja inn med gamal hesjastaur og dekoret med FK-fargane gult og grønt, klokkestrengar, siloballar, diskokuler og traktor.

Her får du konsertopplevelingar med ny og norsk musikk til folk i Hardanger og omland. Me vil at hardingane skal vera stolte av plassen dei bur på og samlast til gode musikkopplevelingar i bygda. Dette er bygdeutvikling av beste sort, meiner festivalsjef Ida Sørheim

## Hardingtonar

Stiftinga Hardingtonar vart skipa ut frå eit ynskje om å auka kjennskapen til komponisten og hardingen Geirr Tveitt sin store og allsidige produksjon. Festivalen vore ein årvis

musikkfest i Norheimsund med Bergen Filharmoniske Orkester som musikalsk hjørnestein. Hardingtonar har og fått vore eit springbrett for lokale musikk talent, og festivalen er i dag fundamentert som ein av dei viktige årlege musikalske høgdepunkt i Hardanger.

## Siderfestivalen i Hardanger

Siderfestivalen i Øystese – ikkje av dei største – men ein av dei trivlegaste! Målsettinga vår er at DU får auka kompetansen din på sider og siderlegging, smaka deg fram til ein favoritt-sider, hatt ein god prat eller to, late deg underhalda og kosa deg glugg i hjel.



**S I D E R**  
ØYSTESE  
**FESTIVALEN**

*Hardingtonar*



Din lokale VVS-leverandør

**Våre fagfelt:**

- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Luftbehandlingsanlegg
- Service
- Automasjon/SD-anlegg
- Blikkenslagerarbeid
- Tømrararbeid
- Nybygg hus/hytter
- Rehabilitering

Tlf. 56 55 36 00  
[www.tecno.no](http://www.tecno.no)  
[post@tecno.no](mailto:post@tecno.no)



## Ungdomen styrer sjølv i Kvam e-sport

Hallvard Valland Nordheim er 14 år, kjem frå Kvam og er styreleiar i Kvam E-Sport. Der jobbar han med økonomi, medlemmer og andre administrative ting.

Han fortel at Kvam E-Sport har eit ganske unikt styre som i hovudsak er samansett av ungdommar som brenn for det dei driv med.

*«I motsetning til mange andre fritidsaktivitetar der styret består av foreldre og andre vaksne, så er alt i Kvam E-sport laga og bestemt av ungdom. Eg har alltid synest at Kvam E-Sport har vore eit veldig bra konsept. Då eg fekk moglegheita til å bli med i styret så takka eg sjølvsagt ja».*

Hallvard brukar mykje av fritida si til å jobbe med Kvam E-Sport og planlegge arrangement og møte. Likevel har han god tid til å vere med på fritidsaktivitetar og ungdomsarrangement som for eksempel ungdomsbasen.

*«Som styreleiar i Kvam E-Sport ser eg veldig fram til KvammaLAN til hausten der me skal ha eit 72 timars LAN. Dette har vore arrangert sidan 2022».*



## Mellom fjord og fjell får du kunst- og musikkopplevelingar i verdsklasse

Du finn òg Nordens største senter for restaurering av trebåtar, med aktivitetar for heile familien – i ditt eige nærmiljø.



Kunsthuset  
Kabuso



Hardanger  
fartøyvernsenter



Velkommen til gode opplevelinger hos Kunsthuset Kabuso og Hardanger fartøyvernsenter. Du finn oss i Øystese og Norheimsund.

Ein del av

**HARDANGER OG  
VOSS MUSEUM**

# Din leverandør av Glasopor

LETT FYLLMASSE - DRENERENDE  
ISOLERENDE - MILJØVENNLIG

Tlf: 411 21 748  
[rykkjetransport.no](http://rykkjetransport.no)



Bulk  
Storsekk 1500l  
Småsekk 50l  
Resirkulert glass  
180kg/m<sup>3</sup>  
Levert til ditt prosjekt

Fraksjon  
10-20mm/10-60mm

**RYKKJE TRANSPORT AS**

# Ein bustadmarknad i utvikling

Kjetil Solheim Aarsand jobbar som eigedomsmeklar og fagansvarleg hjå Nordvik Bolig. Han bur i Øystese saman med sambuar og to barn.

Kjetil byrja å jobbe i eigedomsmeklarbransjen i 2012 medan han var under utdanning. Han var deretter salsleiar hjå Eiendomsmegler Vest i nokre år før neste steg vart å starte eige meklarkontor, som no er Nordvik Bolig Hardanger. Han fortel om eit arbeidsmiljø som er livleg og sosialt, med godt samhold.

*«Eg har kort reiseveg til jobb, sidan kontoret vårt ligg i Norheimsund. Livsstilen lokalt i Kvam handlar mykje om natur og friluft, kultur, sosiale aktivitetar og engasjement. Som familie er me glad i å vera ute i frisk luft».*

## God etterspurnad i marknaden

Kjetil fortel at bustadmarknaden i Kvam dei siste 2-3 åra har hatt ei positiv utvikling med relativt god etterspurnad. Men det kunne vore fleire einebustader av nyare dato/oppussa stand for sal. Lokalt for Kvam ligg omsetjinga relativt stabilt med 50-60 bustader seld årleg, med nokolunde jamn prisutvikling.

*«Valmoglegheitene er varierte, men hovudvekt på einebustader men med innspel av rekkehus og tomannsbustader. Leilegheitsmarknaden har fått seg eit betydeleg løft etter utbygginga av Hardanger Brygge i 2017».*

Eit populært bustadområde i Kvam har enkel vegtilkomst eller kort avstand til offentleg transport, nærleik til servicetilbod som skular og butikkar, trygt og godt buming, gode aktivitetsmogleheter, stabile eigedomsverdiar og eit lokalt næringsliv med tanke på potensielle arbeidsplassar.





 **NORDVIK**

**Lokal kunnskap,  
frå lokale eigedomsmeclarar**

Me er erfarne eigedomsmeclarar med god lokalkunnskap. Det har gjort oss til ein av dei leiande aktørane i Hardanger-regionen og gjer oss til eit trygt val når du skal selje bustad.

941 43 236  
[s.gjerde@nordvikbolig.no](mailto:s.gjerde@nordvikbolig.no)





# Kvam herad

## Årets ungdomskommune i Norge 2023



Hausten 2023 vart Kvam herad kåra til årets ungdomskommune. Me har fått denne prisen fordi me har eit velfungerande ungdomsråd, det er etablert varige strukturar for inkludering og medverknad av barn og unge i heradet vårt, Kvam herad har eit godt samarbeid på tvers av einingar og tenester, og har eit variert og godt tilbod når det gjeld aktivitetar for barn- og unge, både når det gjeld organisert og ikkje organiserte fritidstilbod.

Me kan her mellom anna nemna Ungdomsbasen, Kulturskulen, Open Hall og Ung Fritid som nokre av tilboda. Fritidskortet gjer at fleire barn og unge får delta. Her får barn og unge i alderen 6 og 18 år tilskot (fast sum) til å betala medlemskontingent for ei rekke fritidsaktivitetar. Dette gjer at fleire kan delta.

Kvam ungdomsråd arbeider målretta for barn og unge sine interesser. Dette året har ungdomsrådet mellom anna teke initiativ til demokratiplæring av elevråda, delteke i eit samarbeidsprosjekt med Redd Barna med tema inkludering, arrangert Demokrativerkstad der ungdom har fått sagt kva som skal vera satsingsområde i tida framover. Ungdomsrådet har også vore med på å bidra til den store fagsamlinga «Sterke Fellesskap». På fagsamlinga vart det informert om og drøfta funn frå Ungdata og korleis me saman kan byggja fellesskap som gjev rom for forståing, ulikskap, venskap og tryggleik.

*Ungdom i Kvam er framtida vår og ein viktig ressurs inn i alt me held på med.*

**Les meir om vår satsing på barn og unge på [www.kvam.no](http://www.kvam.no)**

